

Kvinnherad kommune

Beskrivelse - Bygg, elektro og VVS

Helsestasjon Rosendal



1 Innleiing

1.1 Generelt

I denne funksjonsbeskrivelse er det lista opp funksjonar som bygget skal ha samt kva tekniske krav og spesifikasjonar som er ønskt ivaretatt. Dette er delvis basert på eigne krav/ønskje frå byggherren, dels påretningslinjer/krav og tilrådingar frå myndigheiter. Krava er å betrakta som minstekrav som ikkje må underskridast utan at byggherren skriftleg har akseptert dette.

Generelt skal bygget byggast i samsvar med det til ein kvar tid gjeldande regelverk, der det kan nemnast, men ikkje avgrensast til; norske standardar, lover og forskrifter (TEK 17), Arbeidsmiljølova, gjeldande forskrifter for helsebygg, NBI byggdetaljar, NEK400 og relevante bransjestandardar.

Tilbydar skal legge teikningsgrunnlaget til grunn for sitt tilbod. Teikningane er resultatet av eit skisseprosjekt, der areal /mål er retningsgjevande. Avgrensing av prosjektet er lagt inn i teikning.

Byggherre ber om pris på ferdig innvendig ombygging, prosjektering og utføring i samsvar med denne beskrivelsen. Bygget skal leverast klart til innflytting.

1.2 Prosjektering og dokumentasjon

- Entreprenør innkallar til prosjekteringsmøter og byggemøter der entreprenør skriv referat. Det skal haldast byggemøte med varigheit inntil 3 timer kvar 2. veke, formann/byggeplassleder skal delta, og dette skal takast med i tilbodssummen.
- Før overlevering av bygg skal det leverast komplett underlag for forvaltning, vedlikehald og drift. Sjå eget vedlegg som gjeld FDV.
- Før igangsetting på byggeplass, skal entreprenør legge fram godkjent prosjektering av alle bygningar, detaljar, løysingar og tekniske anlegg.
- Alle teikningane vedlagt i konkurransegrunnlaget er å betrakte som tilbodsteikningar/skisser og kan ikkje nyttast som arbeidsteikningar.
- Det blir totalentreprenørens ansvar å skaffa ytterlegare grunnlag og prosjektera bygget med naudsynte arbeidsteikningar for alle fag.
- Totalentreprenør må koordinere arbeidet sitt opp mot IKT eininga til kommunen.
- Det skal reknast med all nødvendig detaljprosjektering, statiske berekningar og anna nødvendig dokumentasjon. Totalentreprenøren (TE) overtar det fulle ansvaret for prosjekteringa. Det skal utarbeidast eintydige konstruksjons- og produksjonsteikningar for alle bærande og ikkje bærande konstruksjonar. Teikningane skal innehalde dei opplysningar som krevst i dei respektive Norske Standardar og Eurokodar.
- Alle fag skal prosjekterast iht. gjeldande regelverk av firma med ansvarsrett for tilsvarande prosjekt. Totalentreprenør sørger for søknadsprosessen til byggesak og til Arbeidstilsynet.

1.3 Generelle kvalitetskrav, toleransar og pålitelegheit.

Alle arbeid skal dimensjonerast iht PBL med forskrifter og gjeldande norsk standard, krav i gjeldande utgåve av byggeforskriftene, aktuelle kommunale reglar og forskrifter, samt NBI blad med tilvising til dei valde løysingar og arbeider. Pre-aksepterte løysingar gjeld der detaljar ikkje er utteikna. Som grunnlag for utføring av alle arbeider og godkjenning av dei ferdige arbeida gjeld:

- TEK 17 med tilhøyrande rettleiing.
- NS 3420 "Beskrivelsestekstar for bygg og anlegg"
- Gjeldande Norske Standardar eller tilsvarande ISO standardar
- SINTEF Byggforsk sine detaljblader, våtromsnorma

Leverandørars og produsentar sine anvisningar skal følgjast.

Så snart avvik eller uregelmessige ting oppstår, skal byggherren sin by orienterast.

Produkt som skal nyttast skal vera Sintef merka eller tilsvarande.

1.4 Grunnlag

Grunnlaget for tilbodet er dette konkurransegrunnlaget med tilhøyrande funksjonsbeskrivelse og teikningar og brannteknisk konsept. I tillegg er det behov for at entreprenøren synfare bygget og gjer seg kjent med alle problemstillingar, kontaktar og offentlege instansar.

1.5 Rigg og drift

Generelt gjeld at entreprenøren skal sørge for all naudsynt rigg og drift iht NS3420 for eige behov for dette oppdraget.

Riggplan skal utarbeidast og skal vera basert på gjeldande retningslinjer og godkjennast av byggherren. Byggeplassen må sikrast på ein slik måte at uvedkommande ikkje kjem inn på byggeplassen. Det må takast spesielle omsyn ifm. inn og utkøyring av riggplass. Brakker og konteinrar plasserast inne på riggområdet dersom ikkje anna kjem fram under tilbodssynfaringa.

Naudsynte fasilitetar som garderobe, wc, dusj, spiserom, møterom og kontor må riggast etter behov. Straum i byggeperioden vert halde av byggherre, men provisoriske skap må entreprenør sjølv vurdere mengda av.

Det er entreprenør som utarbeider riggplan, som deretter skal godkjennast av byggherre.

1.5.1 Tilkomst, riggområde

Riggområde avklarast nærmare på tilbodssynfaring. Det må lagast ein plan på innkøyring, parkering etc. Riggplassen må også sikrast med byggeplassgjerde og port for låsing. Det må takast omsyn til naboar, mjuke trafikantar og born i området.

1.5.2 Brakkerigg

Må vurdere evt. særskilte behov utover det som er skrive angående garderobar, WC, kontor, spiserom. Det skal etablerast kjønnsdelte garderobar og toalett i brakkerigg. Entreprenør må ta denne kostnaden med i prisen.

1.5.3 Provisoriske element

Entreprenøren tek med rigg og drift av naudsynte provisorar i heile kontraktsperioden. Dette inkludera stillas, byggeplassgjerd, lager, byggestraumskasse etc.

1.5.4 Straum i byggetida

Byggestraum kostast av entreprenør. Naudsynte byggestraumkassar og andre provisorar må takast med av entreprenør.

1.5.5 Oppvarming

Entreprenøren tek med rigg og drift av naudsynt provisorisk oppvarming av lukka bygg for å sikra forsvarleg og rasjonell utføring og framdrift av alle entreprenørar sitt arbeid.

1.5.6 RTB – Reint tørt bygg

Bygget skal prosjekterast, planleggast og utførast etter RTB-filosofien. Det blir henvist til RTB-handboka frå Rådgjevars ingeniørers foreining RIF; 6606-S Rent tørt bygg, forebyggjende helsevern i bygninger. Byggherre kan gje sanksjonar dersom RTB ikkje vert følgt.

FDV: Anvisningar frå golv-leverandør skal fylgjast opp både for byggvask og fyrste gangs behandling av alle golvtypar.

1.5.7 Avfallshandtering

Entreprenøren er ansvarleg for handtering av alt anleggsavfall. Entreprenøren skal halde containerar for avfall og sørge for transport til godkjent mottak. Det skal leggjast opp til kjeldesortering iht. krav. Miljøfarleg avfall skal ivaretakast og transporterast til godkjent mottak. Det skal utarbeidast miljøsaneringsplan. Entreprenør betaler for tømning av containerar.

Alt avfall og bygningsrestar skal fjernast frå byggeplassen etter kvart, og leverast til godkjent avfallsdeponi.

Entreprenøren skal utarbeida avfallsplan i samband med innsending av søknad om igangsetjing, og levera rapport som underlag ved innsending av søknad om ferdigattest.

1.5.8 Riving og førebuande arbeider

Arbeidet omfattar riving og fjerning av eksisterande innvendige element i det aktuelle

arealet, inkludert:

- Alle ikkje-berande innerveggar, inkl. listverk og tilhøyrande festemateriell.
- Golvbelegg med underlag som ikkje skal gjenbrukast.
- Himlingar, inkl. nedhengte system, oppheng og tilhøyrande komponentar.
- Det skal kjerneborrast 20 stk hol i etasjeskiljar. Under er kontor i drift og desse må hensyntas. All forberedning, tildekking, opprydding og vasking må takast med.

Utføringskrav:

- Riving skal utførast i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og NS 3420 kapittel U.
- Arbeidet skal utførast slik at berande konstruksjonar, tekniske installasjonar og overflater som skal bevarast ikkje blir skada.
- Materialar som tiltakshavar ønskjer å gjenbruka, skal demonterast skånsamt slik at dei ikkje vert skadde. Materialane skal pakkast forsvarleg på pallar og transporterast til kommunen sitt tilviste lager.
- Alt avfall skal sorterast i samsvar med avfallsforskrifta og leverast til godkjent mottak.
- Det skal førast avfallslogg med dokumentasjon på mengder og leveringsstad.
- Arbeidsområdet skal ryddast og klargjerast for vidare arbeid etter riving.

1.6 Generelle krav til utførelse

Byggherre har utarbeida skisser som er førande for prosjektet, i tillegg til denne funksjonsskildringa.

I dei følgjande kapitla er ei rekkje funksjonskrav lista opp. Utover det som er lista opp som spesielle krav, skal entreprenør leggja til grunn normale tekniske løysingar for denne type bygg/ anlegg.

Bygget skal prosjekterast og byggast med gode tekniske og funksjonelle kvalitetar.

Tilbydar skal prise komplette arbeider for ei fullverdig fagmessig utføring med presis detaljering og gode material-kvalitetar som foreslått eller med tilsvarande kvalitet.

Totalentreprenør er ansvarleg for å utarbeide brannkonsept. Det eksisterer ikkje brannkonsept per i dag.

Det skal nyttast miljøvennlege byggeprodukt, samt at den tiltenkte bruken av bygget skal vektleggast ved val av material og løysingar.

Arbeida skal oppførast i henhold til plan- og bygningslovens krav og TEK-17, gjeldene utgåve, brannforskrifter, byggherreforskrifta, helseforskrifter, Arbeidstilsynets bestemmelsar og kommunale vedtektersom vedrører byggearbeida. Alle arbeider skal utførast i henhold til gjeldande norske standardar, forskrifter og relevante NBI-blad. Alt av installasjon skal om mogleg leggjast skjult. Dersom dette ikkje er hensiktsmessig skal dette

avklarast og godkjennast av byggherre.

Bygningsmessige funksjonsbeskriving lista opp iht NS 3451, bygningsdelstabell, må sjåast i samanheng med teikningar, generell orientering samt beskrivelse frå andre tekniske fag. Funksjonskrav er rammebetingelsar og skal ikkje oppfattast som komplette. Dersom det er opplysningar som manglar er det totalentreprenøren sitt ansvar og innhente nødvendige tilleggsopplysningar. Ved motstridande krav, gjeld fagbeskrivelse først.

Brann og lydkrav iht krav og retningslinjer for beredskapsbygning må følgast. Utførelse og berekningsreglar iht NS 3420 dersom ikkje anna er påpeika.

1.6.1 Kvalitetssikring og kontroll

Entreprenøren skal kontrollere at konstruktive løysingar, materialbruk, leveransar med meir er i henhold til spesifikasjonane.

1.6.2 Prøving, merking, innregulering, ferdigbefaring, overtaking og dokumentasjon Drifts- og vedlikehalds-instruks, samt "som bygget" dokumentasjon (as-built).

Før arbeidet/leveransen kan sjåast som ferdigstilt, skal det leverast teknisk dokumentasjon, bruksinstrukser, forslag til vedlikehaldsintervall og serviceavtaler etc. Slik informasjon skal leverast til byggeleiar og godkjennast før sluttoppgjer kan finna stad og innestående beløp blir frigitt. FDV skal leverast ihht Filarkiv fane i vedlegg. Dokumentasjon skal overleverast digitalt i Kvinnherad kommunes FDV program FAMAC og ihht. vedlagt Excel ark.

Det skal tas bilete av innbygde installasjonar før dei vert kledd igjen. FDV dokumentasjon iht. anses som minste krav. Er ytterlegare skildra i beskrivande tekster skal dette i tillegg leverast. For anleggsdeler som krev innregulering, programmering, parametring etc. skal idriftsettelsesprotokoll oversendast før overtakinga finn stad. Alle anlegg skal leverast ferdig driftast og testa.

Instruksen skal utarbeidast spesielt for bygget. Videre skal det føreliggja teikningar og anna dokumentasjon for alle konstruksjonar, med materialbruk, leverandørar og produsentar. Dokumentasjonen skal tilpassast Kvinnherad kommune sitt drifts- og vedlikehalds-system. Det er entreprenøren sitt ansvar å sette seg inn i kva som skal vera med og korleis oppbygginga av denne skal vera.

1.6.3 Branndokumentasjon

Det er entreprenøren sitt ansvar å få laga fullstendig brannkonsept samt oppteikning av brann- og rømnings-planer samt merking av disse i bygget.

1.6.4 Generelle kvalitetskrav

Alle arbeid skal dimensjonerast og utførast i henhold til gjeldande Norsk Standard, krav i gjeldande utgåve av byggeforskriftene, aktuelle kommunale reglar og forskrifter, samt NBI blad med henvisning til dei valte løysingar og arbeider.

Forøvrig skal det ferdige arbeid framstå med fagmessig god kvalitet i god norsk

handverkstradisjon. Leverandørar og produsentar sine anvisningar skal følgast.

Entreprenøren pliktar å holda byggherren underretta om framdrift og økonomi.

Så snart avvik eller uregelmessigheiter oppstår skal byggherren ved byggeleiar orienterast.

Skriftleg og munnleg språk ifm dette byggeprosjektet skal vera norsk. Alle formenn og høgare funksjonar må kunne kommunisera på norsk.

1.6.5 Akustikk

Det er ikkje laga noko eige notat/ konsept på akustikk.

Generelt skal NS 8175:2012 klasse C leggstil grunn for prosjekteringa.

Ved alle kontor og samtalerom vil det føregå konfidensielle samtalar.

På alle vegger krev byggherre minimum 44dB. Unntaket er frå møterom mot HCWC og venterom, her vert det krevd 55dB.

I alle område der fleire enn ein person skal opphalda seg samstundes må det byggast med absorberande himling.

1.6.6 Prosjektering/ klassifisering

Tiltakshavar sin representant skal ha full tilgang til kontroll og gjennomgang av prosedyrar gjennom heile byggearbeidet. Det skal utarbeidast naudsynte teikningar og detaljar som minimum iht gjeldande standard. Teikningar skal oversendast byggherre eller byggherren sin representant i god tid før produksjon startar. Som sluttdokumentasjon skal totalentreprenøren laga «som bygget» teikningar. Alt ansvar for prosjektering og utføring ligg hos totalentreprenøren uavhengig av tiltakshavar sitt innsyn i materialet. Det kviler på den prosjekterande å gjere dei nødvendige vurderingar med omsyn på pålitelegheits- tiltaks-, risiko- og brann klassar.

1.6.7 Brannkrav

Det er totalentreprenøren sitt ansvar å sørge for at gjeldande forskrifter og lover med omsyn på brann vert oppfylt. Totalentreprenør skal utarbeida brannkonsept og teikningar.

Det skal dokumenterast at utføringar er i henhold til gjeldande lovverk og tilfredsstillende gjeldande brannkrav. Totalentreprenør må rekna med all nødvendig brannbeskyttelse av bærnde konstruksjonar. All branntetting er totalentreprenøren sitt ansvar.

Dersom konstruksjonar eller bygningsdelar med krav til brannklassifisert utføring som dører, vinduer og glasfelt m.m., har utføring som ikkje er godkjent, må det gjennomførast klassifisering. Det er totalentreprenøren sitt ansvar å påkosta/gjennomføre eventuelle nødvendige testar, samt påsjå at dette ikkje skapar framdriftsmessige problem.

2 Funksjonsbeskrivelse - Bygningsteknisk utføring

2.1 Generelt vegger

Veggkonstruksjonar skal oppfylle krav i byggeforskriftene i TEK 17. Veggjar skal utførast iht. Byggforsk sine anvisningar. Totalentreprenøren skal ta med alle kostnader som er nødvendig for ein komplett leveranse i henhold til denne beskrivelsen og tilhøyrande teikningar. Leveransen skal også omfatta alt som etter fagleg sedvane inngår i arbeidet sjølv om noko av dette ikkje er uttrykkeleg nemnt i prosjektdokumenta. Anbefalingar, rettleiingar og utføringsdetaljar som angitt i NBI-blada skal nyttast der kor desse er relevante. For arbeider der materialleverandøren utarbeider spesielleretningslinjer skal desse følgast. Generelt gjeld at arbeida skal vera av handverksmessig godutførelse.

2.1.1 Smyg

- Dersom karmdjupne på dører, vinduer mm ikkje dekker heile veggjukkelsen, skal smyg utførast med utforing og listverk som malast på same måte som veggene. Smyg skal vera av materialtype limtre.

2.1.2 Listverk

- Lister (gerikter) til tredører skal vera av tre, dim 12x58 mm, industrielt dekkmalte i kvit farge. Lister skal gjerast i hjørna.
- Alle spikerhol skal sparklast og malast over etter montering.

2.1.3 Innvendig overflater

Alle nye platekledde veggflater av gips skal flekksparklast, skøytesparklast, grunna og malt med 2 strøk fram til slett overflate.

Alle eksisterande vegger med gips, skal heilsparklast, grunna og malt med 2 strøk fram til slett overflate.

Entreprenør/arkitekt er ansvarleg i høve til universell utforming, og skal utarbeida fargeplan som tek omsyn til fargekontrastar. Fargar skal godkjennast av byggherre.

Malte flater skal ha overflate som jotaproff primaclean 05 eller tilsvarande.

Overflatebehandling skal vera utført slik at vegger tåler reingjering og lett kan reingjerast.

2.2 Yttervegger

2.2.1 Ytterveggjar

- Der byggherre vel skal det platast på nytt med robustgips.
- Overflater må tåla påkjenningar. Det skal monterast dørstoppar av god kvalitet på vegg der det er behov for det.
- Yttervegger inkl. dører skal vera utført iht. brann, lyd- og sikkerheitskrav som gjeld for den respektive konstruksjonen. Lydklasse C iht. NS 8175. Brannmotstand EI30/EI60 der påkrevd.
- Ved veggjar med lydkrav og brannkrav må det passast på at installasjonar som monterast i

veggen ikkje svekker veggens lydisolerande evne eller brannklassifisering.

2.2.2 Vindu yttervegger

Vindauga skal ikkje skiftast, men det må påreknast at utforingar og listverk må skiftast.

2.3 Innerveggar

2.3.1 Innerveggar

- Overflater må tåla påkjenningar. Det skal monterast dørstoppar av god kvalitet på vegg der det er behov for det.
- Innerveggar inkl. dører skal vera utført iht. brann, lyd- og sikkerheitskrav som gjeld for den respektive konstruksjonen. Nokre stadar i teikning er det spesifisert glassvegger for at personalrom/møterom skal få dagslys. Brannmotstand EI30/EI60 der påkrevd.
- Ved veggar med lydkrav og brannkrav må det passast på at installasjonar som monterast i veggen ikkje svekker veggens lydisolerande evne eller brannklassifisering.
- Veggjar kor det skal hengast utstyr, skal ha eitt lag 15 mm kryssfiner bak gipsplater slik at skap/utstyr fritt kan forandrast og som opprettheld brannkrava.
- Veggjar bak sanitærinstallasjonar (vaskar, kjøkkeninnredning mm) skal utførast iht. Byggebransjens Våtromsnorm (BVN).
- Garderobe, WC, HCWC, dusj og bøttekott skal ha høgkvalitets-kryssfiner med laminert overflate (høgtrykkslaminat). Vasstett og godkjent i henhold til våtromsnorm. Fuging i alle skøytar. Panel utan (mønster-) fuger og -fresingar. Valfri glansgrad. Hjørnelister, botnprofil langs underkantar, og eventuelle andre lister i aluminium natur.

2.3.2 Innvendige dører og vindu

- Alle naudsynte brann- og lydkrav må ivaretakast.
- Alle dørblad skal vera utført som massivdører og ha overflate av høgtrykksplastlaminat type Formica eller likeverdig, og hard ved kantlist. Alle dørvidarar, synlege handtak og beslag skal vera utført i rustfritt stål og vera av god kvalitet.
- Det forutsettes at alle dører skal vera terskelfrie i henhold til universell utforming. Dører med brann og lydkrav som trengjer terskelfri overgang skal ha terskler av typen mekanisk hevesenketerskel i kombinasjon med 2 mm massiv rustfri stålplate på gulv eller avfaset anslagsterskel, maks 25 mm høyde.
- Dører inn til toalett skal ha lås som viser ledig / opptatt.
- Alle innerdører skal monterast iht. anvisningar frå produsent. Alle bygningsdelar og bygningskomponentar med brann- eller lydkrav skal vera skilta med NS-skilt som dokumenterer dei respektive krav, eller vera skilta frå likeverdig kontrollinstans.
- Dørstoppar plasserast slik at dei ikkje kjem i vegen for maskinelt reinhald.

- Dører skal ha hengsler som er mogelege å justera.

2.4 Låsing / beslag

- Samtlege dører der ikkje anna er angitt, utstyrast med låsekasse. Samtlege låskassar utstyrast komplett med sylinder og tilbehør. Låsskjema utarbeidast av entreprenør i samråd med byggherren.
- 8 dører skal etablerast med elektriske sluttstykke, elektroniske adgangskontroll- system med ID-kort. Tilpassast Kvinnherad kommune sitt ARX system.
- Det skal installerast dørautomatikk for 3 dører i hovudrømningsvei, disse skal forsynes med sentral UPS med funksjonssikker kabling.

2.5 Golv

2.5.1 Linoleum

- Ved dører utan tersklar skal belegg leggst før montering av dør og slik at belegg er gjennomgåande. Golvbelegg skal leggst komplett i heile rommet før montering av kjøkken- / garderobeinnredning eller anna skapinnreiing, slik at det er mogleg å flytte skapinnreiing på eit seinare tidspunkt.
- Det skal nyttast linoleum med homogent slitesjikt på juteunderlag og PUR-overflate forsterkning. Linoleumsmaterialet skal vera utan kork. Belegget skal vera ferdig behandla med vassbasert porefyller og overflate.
- Byggherre skal stå fritt til å velje farge og mønster i detaljprosjekt. Det tas høgde for 4 ulike fargar. Skøyter skal sveisast med tråd. Byggeingjering skal utførast etter golvprodusentens anbefalingar.
- Det skal nyttast golvlist malt i kvit farge i alle tørre rom der det ikkje er beskrive oppbrett på belegget, dimensjon min.12x58 mm.

2.5.2 Vasttett prosjektvinyl

- Det skal nyttast heterogen sklihemmende vinyl med PUR-overflate for barfot i samsvar med EN ISO 10582. Slitesjiktet skal vera minst 0,7 mm tykt i samsvar med EN ISO24340 og klassifiserast som Type 1 i samsvar med EN ISO 10582. Belegget skal oppfylle klasse 34 for offentlig miljø i samsvar med EN-ISO 10874 og oppfylle R10 i samsvar med DIN 51130.
- Homogen farge på slitesjiktet. Farge vel byggherre fritt frå standartsortiment i utførelsesfasen. Det tas høgde for 4 ulike fargar. Skøyter skal sveisast med tråd.
- Det skal vera oppbrett/holkilsløysing i alle våtrom med vinyl. I rom med baderomspanel skal holkilen overdekkast av platene. I rom der holkilen må ligge utanpå gipsvegg skal hulkilen avsluttes med hulkilslist i pvc. Farge på list skal tilpassast belegget og/eller veggfargen.

2.6 Himlinger

2.6.1 Himling

- Himlinger skal vera robuste og egna for bruken. Generelt skal det nyttast systemhimlingsplater med forseгла mineralull for å oppnå absorbasjonsklasse A.
- Det skal nyttast profilsystem med plater av mineralullfibre som skal vera kantforsegla frå fabrikk. Alle kuttflater på byggeplass skal forseglast før montasje. Himlingssystem skal tilfredsstilla produktstandard NS-EN 13964 og vera testa iht. NT Build 347 med resultat – «lav fiberavgivelse» (Nordtest). Systemhimling nyttast i store deler av bygget, med formater på 120/60x60cm. Ecophon Focus A eller tilsvarende.
- I våte rom brukes C3 kvalitet. Bærekonstruksjon og opphengsystem/avstandar samt montasje skal utførast etter fabrikantens anvisningar. Hygieneplate med malt overflate og kantforsegling, type Ecophon Hygiene Performance Kant A 20 mm akustiske mjuke mineralullsabsorbentar av glasull eller tilsvarende. T24-profiler i regulerbare opphengspendlar.
- Systemhimlinger skal inkludera oppheng og innfestning mot tilstøytane konstruksjonar, plater og tilpassingar ved utsparingar, holtaking og opningar. Komplette himling inkl. himlingsplater. Det skal tas med tilpassingar mot tekniske installasjonar som lysarmatur, ventilasjonsrister, detektorar etc.
- Bak hygienehimlingsplater skal det vera klips som holder platene på plass ved vasking.
- Plater i demonterbare himlinger skal ha delvis skjult oppheng, men vera lette å demontere/skifte ut utan bruk av verktøy. Det skal ikkje vera naudsynt å demontere meir enn den plata som skal skiftast. Byggherre vel farge på pulverlakk på opphengssystem fritt frå RAL-systemet i utførelsesfasen.
- Alle himlinger skal tilfredsstille brann- og lydkrav i henhold til brannkonsept og akustikk. Himlinga skal vera utført iht. TEK17, brann, lyd- og sikkerheitskrav som gjeld for den respektive konstruksjonen.
- Det må koordinerast med tekniske fag om installasjonar i eller over himlinga.

2.7 Fast inventar

All fast innredning skal vera av god kvalitet, dvs. at fast innredning skal ha spon i møbelkvalitet, alle kantar og møter skal vera presise, overflatebehandling skal vera jamn og utan «striper». Innredning skal vera robust og tåle bruk i offentlige bygg. Skrog med laminat og rette kantlister. Åpne skrogsider skal enten ha dekkpanel eller fores mot vegg med lik utførelse som tilhørende front.

Fast innredning er vist på plantegninger og skal medtas i denne leveransen.

Håndtak skal vera enkle, rettkantete bøylehåndtak i metall. Størrelsen må vera slik at de gir et godt grep. Håndtaksfarge skal ivareta luminanskontrast i forhold til universell utforming og velges av IARK/ARK i henhold til prosjektets fargekonsept, fritt fargevalg RAL. Hengsler og glidere skal vera solide og ha dempe- og brems funksjon.

For disse gjelder følgende:

- Skrog med laminat og rette kantlister
- Fronter med overflate i høytrykkslaminat, med kanter i samme farge som laminat. Opne skrogsider skal enten ha dekkpanel eller fores mot vegg med lik utførelse som tilhørende front.
- Sokkel kontinuerleg under benkeskap. Det skal levers sokkel-løsning som ivaretar kravet til sporing av lekkasjer, varighet, renhold og vaskbarhet.
- Solide hengsler og glidere med dempe- og bremsfunksjon.
- 20 mm benkeplate med høytrykkslaminat. Underlimt vask. IARK/ARK velger farge, fritt fargevalg fra Formicas sortiment. Godkjennes av byggherre.
- Innfelt belysning under alle overskap, slank LED-armatur med slett overflate for enkel reingjering
- Fritt fargeval laminat, veljast av byggherre.
- Generelt skal det medtas foringer der dette er nødvendig, farge lik skapfront. Overflate laminat, ikkje høytrykkslaminat.
- Over benkeplate skal det monteres plate av laminat i 50cm høyde i hele benkeplatens lengde, der annet ikke er beskrevet på tegning. Overgang mellom benk og plate fuges med en presis, stram silikonfuge. Farge følger farge på benkeplate på det aktuelle kjøkken.

2.7.1 Personalrom

Kjøkken på personalrom i omfang vist på planteikning.

Følgende kvitevarer skal leveres av totalentreprenør:

- 1 stk. integrert kjøleskap (h:210cm) Energikrav A++
- 1 stk. integrert oppvaskmaskin semiprofesjonell m/elektronisk program. Energikrav A+++. Oppvaskmaskin skal vera stillegående (maks 46dB), ha minimum 15 kuverter og maks 30 min. program.

2.7.2 Medisinrom

Medisinrom skal ha innredning.

- 1 stk. medisinkjøleskap under benk
- Det skal leverast og monterast lagerhyller som vist på tegning.

2.7.3 Helsesjukepleiar

Helsesjukepleiar sine kontor skal ha innredning i høgtrykkslaminat med skapdører og benkeplate og innfelt vask.

2.7.4 Vaskesentral.

Det skal leverast og monterast lagerhyller og veggskap som vist på teikning. Lagerhyller av typen V06 frå Sarpsborg metall eller liknande.

2.7.5 Garderobar

Skapa skal vera solide av typen Modell SSZ med sittebenk og beinramme frå Sarpsborg metall eller tilsvarande. Hattehylle og klesstang med krokar, hasp for hengelås. Til alle WC-rom i bygget skal det leverast sanitærutstyr og speil i hele servantens breidde. Veggmonterte speil skal ha same breidde som servant og ha høgde 1100 mm og vera laminert med slipte kantar. Fastmonterte sanitærinstallasjonar som f.eks. wc, servant, dusjarmatur etc. skal medtas i VVS kapittel og iht. arkitektens teikningar. Øvrig utstyr som skal leverast og monterast:

- Enkeltstående WC rom: Speil
- HCWC: Speil og veggmontert støttehandtak. Støttehandtak skal tåla stor belastning og kunne felles opp mot vegg.
- For kvar servant skal det og vera med: speil
- Alle HC-dusjar skal utstyrast med støttehandtak, dusjsete og knagg i rustfri utførelse
- Alle garderobar: Dusjvegger i herda glas, slipte glaskantar og beslag i RF stål. Dusjgarnityr i RF-stål.

Det skal prises inn montering av såpedispensere, dorullholder, tørkerullholdar og avfallsbeholdar. Utstyret vert levert av kommunen.

Type og plassering blir i samråd med reinhaldsansvarleg i kommunen mot prosjektslutt.

3 VVS

3.1 VVS-anlegg

VVS-anlegget omfattar følgande tekniske installasjonar:

- 31. Sanitæranlegg
- 36. Luftbehandlingsanlegg

Nedanståande beskriving angir krav og føringar byggherren har satt. Beskrivelsen er ikkje fullstendig og det er totalentreprenørens ansvar å prosjektere/levere ein komplett leveranse.

VVS-installasjonane skal tilfredsstille krav og intensjonar i NS 3420 og TEK 17, og evt. skjerpande krav som stilles av blant annet byggherre osv.

Standardens tekniske bestemmingar og vegleiing leggast til grunn for planlegging og prosjektering dersom ikkje annet er nemnt i denne kravspesifikasjonen eller øvrige dokumenter nemnt i føregåande kapittel.

Klimatekniske installasjonar skal oppfylle krav i byggeforskriftene og Byggforsk. 421.505. Luftmengder skal også tilfredsstille desse krav samt vegleiing nr. 444 og aktuelle rettleiarar frå Arbeidstilsynet.

Kravet i bygningsloven til energiforbruk i nybygg skal tilfredsstillast og det må her utførast ein samordna prosjektering. Det skal utførast en Energimerking av bygget og Energivurdering av tekniske anlegg. Krav til energibruk dokumenterast i form av dataprogrammet Simien eller tilsvarende.

Generelt gjeld også krav i kap. 2.

3.2 Generelle ytingar og bestemmingar

Det skal prisast, leverast og monterast komplett tilpassa VVS-anlegg i bygget, slik det framgår av beskrivelser med vedlagte ARK-teikningar og skisser. Alle arbeider skal vera inkludert. Eksisterande ventilasjonsaggregat skal nyttast.

Ved prising av VVS tekniske fag, pliktar VVS entreprenørar å gjennomgå det øvrige konkurransegrunnlaget for å klarlegge grensesnitt opp mot andre fagområder i prosjektet.

Hovudomfang:

Det vert henvist til etterfølgjande funksjonsbeskriving for kvart av dei VVS-tekniske faga. Viser også til teikningar frå arkitekt.

Arbeida skal utførast som totalentreprise i henhold til NS 8407.

Leveranseomfanget til entreprenørane omfattar komplett prosjektering av dei VVS-tekniske fagområda.

VVS-anlegga skal oppfylle alle krav og forutsetningar som er stilt, for generelle og spesielle ytingar for entreprisen.

Følgande anlegg omfattast av denne del av det totale prosjekt:

- Generelle ytingar
- Sanitæranlegg
- Varmeanlegg
- Luftbehandlingsanlegg
- Utomhus VVS
- Automatiseringsanlegg
- Bygningsmessige arbeider VVS

Byggeplassforhold

Entreprenøren skal gjere seg kjent med forholda på byggeplass. Entreprenøren skal medta sin andel fellesutgifter, Rigg og drift etc. for egne arbeider.

Prosjektering og produksjon

- Entreprenøren gjennomfører komplett prosjektering av anlegga.
- Teiknings utarbeiding: Naudsynt teikningsmateriell utarbeidast av entreprenøren.
- Som bygget teikningar ved ferdigstilling av prosjektet.

Tiltakshavar kontroll

Byggherre eller representantar for denne deltar på byggemøter, og synfaringar/møter som vedrører VVS- faga etter behov.

Funksjonskrav

Alle VVS-tekniske installasjonar skal ha fagmessig fullgod funksjon, teknisk standard og utførelse. Krav stilt i denne spesifikasjon, i lover, forskrifter, standardar, godkjenningar, og reglementer gjeldande for kvart av dei VVS-tekniske anlegga, skal vera oppfylt.

Grensesnittsmatrise for tekniske anlegg skal følgjast. Denne er vedlagt anbuds materialet.

Gjeldande tekniske bestemmelsar for VVS-fag angir grunnlag for dimensjonering og utførelse av anlegga. Anlegg/rom skal oppfylle sentrale og lokale forskrifter/veiledningar/anvisningar/krav, som:

- Bygningslov, Byggeforskrift, Veiledninger, NS
- Sanitærreglement
- Våtromsnorm
- Prenøk, Ventøk, Driftøk
- BE Meldinger
- NBI Byggdetaljblad
- Byggenormserien

Prøving, merking, innregulering, ferdigbefaring, overtaking og dokumentasjon.

Tiltakshavar skal kunne foreta stikkprøvar av arbeider i løpet av produksjonstida og før overtaking.

Entreprenør skal delta med instrument, registreringsskjema og produktdatablad, og utføring skal vera ifølge tilsvarande prosedyre som ved entreprenøren sine egne målingar.

Ved underkjenning av levert arbeid, vil omfanget av stikkprøvar aukast, og om nødvendig vil 100 % -prøving av aktuell del av arbeidet bli gjennomført. Alle kostnader pga. avdekking av feil og manglar skal dekkast av entreprenøren.

Slike stikkprøvar kjem i tillegg til den prøving og dokumentering entreprenøren skal gjennomføre for å dokumentere levert ytelse, oppfølging av krav, forskrifter, dimensjoneringskrav og også offentlig godkjenningsprøving.

Alle rør, kanalar og utstyr skal merkes iht. PA0802 tverrfagleg merkesystem for bygningar (TFM). Tekst og nummer på rør og komponentar skal stemme overeins med teikningar og skjema. Merking av komponentar som er skjult over himling e.l., kompletterast med graverte skilt på synleg stad.

Før overtaking av entreprisen skal entreprenøren ved ferdigmelding skriftleg overlevere dokumentasjon for:

- Tetttheitsprøving
- Innregulering
- Stikkprøverapporter
- Godkjenningsattestering
- Gjennomført eigenkontroll av funksjoner i form av utfylte sjekklister.
- Dokumentasjon skal leverast, og inngå som fagkapitler i total FDV byggdokumentasjon. FDV dokumentasjonen skal overleverast i papirformat, og i digitalt format.

Entreprenøren skal gjennomføre nødvendig opplæring til sluttbrukar i bruk av alle anlegga, med basis i FDV- instruks. Det reknast med inntil 2 gangar med opplæring. Oppfølging/repetisjon av opplæring foretas ved prøvedriftsbesøk.

Elektrisk materiell

Alt utstyr skal tilfredsstille krav i "Forskrifter for lavspenningsanlegg (FEL)" og NEK400. Spenninga er 230V.

Reingjering

Byggeprosessen skal gjennomførast etter reint, tørt bygg prinsippet. Innvendige luftberørte flater skal ved overtakelse ha ein reinhet som oppfyller kvalitetsnivå 4 i siste utgåve av "Rent Tørt Bygg - håndboken" frå RIF. Alt utstyr og installasjonar som skal byggjast inn og seinare vil bli utilgjengeleg for ettersyn skal ferdigkontrollerast og prøves før innbygging tillatast. Byggherre forbeholder seg retten til å foreta stikkprøver av reinheten på kanalnett, samt kontroll av kvalitetssystem i prosjekteringsfase og installasjonsfase.

Anlegga skal utformast med tanke på å oppnå god luftkvalitet og inneklima. Det settes derfor spesielt strenge krav til utførelse og dei produkt som blir nytta i anlegga. Entreprenøren må derfor planlegge utføringa og framdrifta av anlegga slik at optimal reinhet i anlegga oppnåast.

Alt utstyr skal kontrollerast for fukt før montasje. Ved fuktskadar på materiale skal desse returnerast og nytt monterast.

Reklamasjonsfrist

Reklamasjonsfristen er 5 år frå overtaking.

3.2.1 Merkesystem

Felles for alle VVS-anlegg gjelder at koding og merking baserast på Statsbygg sitt Tverrfaglege merkesystem (TFM). Detaljnivå og nærmare angivelser må avklarast med byggherren.

Egnet datainnsamlingsverktøy for FDV som støtter TFM må brukes. Bygningsdelstabellen, NS3451:2009 legges til grunn for angivelse av bygningsdeler.

3.2.2 Krav til FDV dokumentasjon.

Før arbeidet/leveransen kan sjåast som ferdigstilt, skal det leverast teknisk dokumentasjon, bruksinstrukser, forslag til vedlikehaldsintervall og serviceavtaler etc. Slik informasjon skal leverast til byggeleiar og godkjennast før sluttoppgjer kan finna stad og innestående beløp blir frigitt.

FDV skal leverast ihht Filarkiv fane i vedlegg D1 40. (Excel ark). Dokumentasjon skal overleverast digitalt i Kvinnherad kommunes FDV program FAMAC og ihht. vedlagt Excel ark (D1- 40).

Det skal tas bilete av innbygde installasjonar før igjenbygging. FDV dokumentasjon iht. D1-40 anses som minstekrav. Er ytterlegare skildra i beskrivande tekster skal dette i tillegg leverast. For anleggsdeler som krev innregulering, programmering, parametring etc. skal idriftsettelsesprotokoll oversendes før overtagelsesbefaring. Alle anlegg skal leverast ferdig driftast og testet.

Instruksen skal utarbeidast spesielt for bygget. Videre skal det føreligga teikningar og anna dokumentasjon for alle konstruksjonar, med materialbruk, leverandørar og produsentar. Dokumentasjonen skal tilpassast Kvinnherad kommune sitt drifts- og vedlikehalds-system. Det er entreprenøren sitt ansvar å sette seg inn i kva som skal vera med og korleis oppbygginga av denne skal vera.

Øvrig dokumentasjon som skal inngå i FDV

- Protokoll frå tettheitsprøving av røyr- anleggene.
- Protokoll frå innregulering av varme- og ventilasjonsanleggene.
- Protokoll frå igangkjøring med funksjonstester.
- Protokoll frå måling av reinheit i kanalar og utstyr.
- Protokoll frå lydmålingar.
- Opplæringsplan.
- Teikningsett "som bygget".

3.2.3 Funksjonskrav

VVS-anlegget skal utførast med løysningar som gjev eit tilfredsstillande innemiljø og låge energi- og driftskostnader.

Anlegget tilretteleggjast for enkel / hensiktsmessig drift og vedlikehald. Bygget skal

oppførast etter TEK17.

3.3 SANITÆRANLEGG

Sanitærutstyr skal vera berøringsfritt der dette er hensiktsmessig i helsebygg.

3.3.1 Generelt

Sanitæranlegget skal utføres i henhold til gjeldene forskrift TEK17, samt relevante byggdetaljblader, nasjonale og lokale forskrifter og regelverk som: Sanitærutstyr skal vera berøringsfritt der dette er hensiktsmessig i helsebygg.

- Standard abonnementsvilkår for vann og avløp. Relevante Norsk Standard.
- Norsk VA-norm Relevante VA/Miljøblad
- Relevante byggdetaljblad fra Byggforsk BVN, Byggebransjens våtromsnorm
- Lokale forskrifter med rettleiarar frå Kvinnherad kommune.

For utførelse, trykkprøving, innregulering, igangkøying og overlevering henvises til NS 3420 del U, NS-EN 1610 og NS-EN 805, NS-EN 806, samt VA/Miljøblad nr. 25 og relevante Byggforsk detaljblader.

Den eller de standarder som blir gjeldene for prosjektet benyttes.

3.3.2 Leidningsnett

Forsyningsrør skal vera av galvaniserte gjengede stålrør. Røropplegg og koplingar må tåla minst 10 bar driftstrykk. Nominelt driftstrykk er 6 bar. Trykk- og tettheitsprøving av trykkluftleidningar utførast fortløpande iht. Norsk Standard. Anlegget skal overleverast komplett reingjort og prøvd.

På vassinntaket plasserast hovudstoppekran med ratt, filter, tilbakeslagsventil i henhold til NS-EN 1717 og avstandsstykke til vassmålar.

Røyrleggjar tar med all vassleidning frå hovudvassinntak inklusive vassmålar godkjent av Kvinnherad kommune og til fordelarskap.

Opplegg for vatn legges primært i korridor og i sjakt/tekniske rom: kaldtvann, varmtvann og sirkulasjonsledning. Nødvendig sjaktareal må vurderast av entreprenør.

For installasjon i alle våtrom og alle andre rom kor det ønskes skjult røyrføring benyttes rør i rør- system frå fordelarskap og frem til dei enkelte utstyr. Det benyttes fordelarskap, som skal stå i nærheit til tappesteder, lengste føringsvei skal ikkje overstige 10 m.

Det skal monterast naudsynte spikeravvisere og røyra skal monterast iht. leverandørens monteringsanvisning med tanke på klamring, delkomponentar, antall retningsforandringar, bøyeradiar og krav til maksimale lengder.

Det må sikrast maksimalt 15 sekundars tapping til vatnet held ca. 50°C.

Disse skal i størst mogleg grad framleggjast vassleidningar til i skjult utførelse. Plassering av

disse avtalast med byggherre før montering.

Vass-skadesikring må ivaretas.

Avløpsleidningar:

For spillvassleidningar skal alle opplegg vera som MA-støypejernsrør m/jetkupper overgolv.

Alle innvendige avløpsleidningar leggjast opp som MA-rør i sin heilhet, frå botnleidning til takhatt for lufting.

3.3.3 Armatur

Det installerst nye avstengingsventilar i forbindelse med nye vassleidningar. Alle armaturar i robust utførelse og av god kvalitet som type kuleventil.

Avstengingsventilar monterast på alle opplegg og hovudkursar i tillegg til fordelingsleidningar. Avstengingsventilar monterast foran alt sanitærutstyr slik at det kan avstenges og utskiftast ved fullt vasstrykk. Sanitærutstyr skal vera berøringsfritt der dette er hensiktsmessig i helsebygg.

Lekkasje sikring i henhold til TEK 17 og våtromsnormen skal ivaretas.

3.3.4 Utstyr

Antall, type og plassering av sanitærutstyr er vist på arkitektens planteikning. Sanitærutstyr skal vera berøringsfritt der dette er hensiktsmessig i helsebygg.

Servant

